



Notat

Dato: 23.04.2014
Arkivsak: 2014/10431-2
Saksbehandlar: rolrose

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Reutlysing av ferjeanbodet Halhjem-Sandvikvåg

På møte i samferdselsutvalet den 9. april 2014 stilte representanten Arild Borgen (R/SV) fylgjande spørsmål.

A) *Er det rett at fylkespolitikarane ikkje er invitert til å gje høyringsuttale til førebuing av reutlysinga av kontrakten Halhjem- Sandvikvåg?*

E39 Halhjem-Sandvikvåg er ein svært viktig del av vegsambandet langs Vestlandet. Uansett planar for ferjefri veg i framtida er det førebuing av reutlysinga av kontrakten. I svært mange år vil hensynet til framkommeleghet, miljøutslepp og kostnad for ferjesambandet vera viktig.

1. *Er det rett at HFK ikkje har sendt høyringsuttale?*

2. *Dersom svaret på spørsmål 1 er JA: Kva er grunnen til at administrasjonen ikkje har lagt saka fram for politiske behandling?*

Ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg er eit riksvegsamband, og vert såleis forvalta av Statens vegvesen. I samband med at det skal konkurranseutsetjast på nytt, med oppstart 01.01.2017, har fylkeskommunen fått tilsendt forslag til ruteplan. Forslaget inneber bruk av 3 ferjer frå oppstarten, men med opsjon på bruk av 4 ferjer dersom framtidig trafikkvekst tilseier at det er trøng for auka kapasitet. Forslaget til ruteplan innebar ei vesentleg styrking av sambandet. Fylkeskommunen fekk høve til å koma med kommentarar og eventuelle forslag til justeringar av ruteplanen.

Ruteplanen med 3 ferjer innebar eit utvida rutetilbod med 3 rundturar til 38 rundturar man-fre, og 2 rundturar laurdag/sundag til 27/33 rundturar. Det gjev ein frekvens på 30 min. man-fre. Med 4 ferjer vert rutetilboden utvida til 45 rundturar man-fre, og 33/40 rundturar laurdag/sundag. Det gjev frekvens på 20/25 min man-fre. Forslag til ruteplan fylgjer som vedlegg.

Det har vore ein administrativ gjennomgang av rutetilboden, og vår vurdering er at det er tenleg ut frå dagens trafikk på sambandet, og det er positivt at Staten vil ta på seg ansvaret for å få levert ytterlegare 1 ferje til sambandet dersom framtidig trafikkvekst tilseier at det er trøng for auka kapasitet.

Det har vore dialog mellom Skyss og Statens vegvesen om dei logistiske utfordringane på Halhjem kai med 3 ferjer på Halhjem- Sandvikvåg og 1 ferje på Halhjem-Våge. Dette gjeld særleg omsynet til liggjekai og fylling/bunkring av gass. Med ytterlegare ei ferje i sambandet kan desse utfordringane bli forsterka.

Når det gjeld spørsmålet om politisk handsaming av ruteplanen, så har det vore administrasjonen si vurdering at dette var ei sak som kunne løysast på administrativt nivå. Ikkje minst ettersom Statens vegvesen legg opp til eit noko forbetra rutetilbod på kort sikt, og eit vesentleg forbetra produkt på lengre sikt i tråd med trafikkveksten.